



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

AUD-Rapport 01-19

Arbeidsmarknadsanalyse

Sysselsetting og pendling i Askøy kommune

OM RAPPORTEN

I denne rapporten har vi gjort ein analyse av arbeidsmarknaden på oppdrag frå Askøy kommune. Vi har vektlagt statistikk knytt til utvikling i arbeidsstyrka, arbeidsplassar og pendlingsmønster. Kva som er unikt for Askøy er lettare å sjå når vi kan samanlikne med andre kommunar som har ein arbeidsmarknad som er sterkt integrert med Bergen. Difor er Lindås, Fjell og Os vald ut som samanlikningskommunar.

Analysane er primært basert på registerdata frå SSB. Det er nokre plassar nytta ulike kjelder til å måle det same, så enkelte utrekningar kan avvike med nokre få observasjonar. Avvika er små, og påverkar ikkje analysen.

Rapporten er delt inn i to delar: Folketalsutvikling og sysselsetting og Arbeidsplassar og pendling.

INNHALD

1 FOLKETALSUTVIKLING OG SYSSELSETTING	4
1.1 Folketalsutvikling	4
1.2 Sysselsetting	7
2 ARBEIDSPASSAR OG PENDLING	9
2.1 Arbeidsplassar	9
2.2 Pendling.....	12
3 OPPSUMMERING	16

1 Folketalsutvikling og sysselsetting


1.1 FOLKETALSUTVIKLING

Frå 2008 til 2018 har folketalet på Askøy auka med 23 prosent (2,3 prosent i året i snitt). Askøy har i perioden hatt høgare vekst enn Lindås (15 prosent) og Fjell kommune (21 prosent), og lågare vekst enn Os kommune (28 prosent). Folkeveksten i Hordaland har over perioden vore lågare enn alle dei utvalde kommunane (13 prosent). Ved inngangen til 2018 budde det over 29 000 personar i Askøy kommune.


Tabell 1.1.1 **Folketal** per 1.1.
Kjelde: Statistikk i vest

Folketal											
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Hordaland	462 674	469 681	477 175	484 240	490 570	498 135	505 246	511 357	516 497	519 963	522 539
Os	16 055	16 437	16 684	17 210	17 726	18 142	18 678	19 097	19 742	20 152	20 573
Askøy	23 705	24 432	24 993	25 602	26 210	26 831	27 346	27 858	28 380	28 821	29 071
Fjell	21 207	21 507	21 823	22 220	22 720	23 277	23 852	24 427	24 870	25 204	25 725
Lindås	13 778	14 036	14 286	14 516	14 668	14 820	15 069	15 402	15 607	15 731	15 789


Sjølv om det er vekst i folketalet, er den årlege vekstraten i folketalet på veg ned. I 2008 var vekstraten til folketalet i Askøy kommune på 3 prosent. I 2017 var vekstraten 0,9 prosent. Ein har altså positiv vekst i folketalet, men folketilveksten er blitt lågare for kvart år. Kva som er årsaken til dette avhenger av komponentane i folkeveksten; fødselsoverskot, nettotilflytting og nettoinnvandring.



Figur 1.1.1. Folketalutvikling: Indeksert ut frå tal i 2008. Kjelde: Statistikk i vest




Figur 1.1.2 Folketalets vekstrate. Askøy kommune. Kjelde: Beregningar basert på tal frå Statistikk i vest




Figur 1.1.3 Folkevekst dekomponert; fødselsoverskot (fødde minus døde), nettoinnenlandsk flytting (tilflytting minus utflytting) og nettoinnvandring (innvandring minus utvandring)

Fødselsoverskotet (fødde minus døde) er stabilt, men nettotilflytting (tilflytting minus utflytting) og nettoinnvandring (innvandring minus utvandring) har gått ned dei siste 9 åra. Fram til no har tilflyttinga vore høgare enn utflyttinga, men tala er no i ferd med å utlikne kvarandre. Den primære drivkrafta er fall i tilflytting etter 2015. Dette er illustrert i figur 1.1.4. Os og Fjell kommuner hadde i 2017 høgare nettotilflytting enn Askøy, medan Lindås hadde lågare.




Figur 1.1.4 Tal for tilflytting og utflytting til/frå Askøy i perioden 2008 til 2017. Kjelde: Statistikk i vest



Figur 1.1.5 Tal personar, innflytting og fråflytting for utvalde kommunar. Tal for 2017. Kjelde: Statistikk i vest

Figur 1.1.6 viser netto folkevekst etter eittårig alder og kjønn. Tala er eit snitt for perioden 2008 til 2017. Dette kan tolkast som netto årleg tilflytting etter alder,¹. Til dømes har det i snitt over perioden vore ei tilflytting på 11 26 år gamle kvinner i året, og 11 27 år gamle menn. Dei største bevegelsane er frå 19 til 40-årsalderen. Kvinner og menn mellom 19 og 21 år har høgast grad av fråflytting. Utdanning kan vere ei god forklaring på det. Nettotilflyttinga er høgast for dei mellom 23 og 41 år. Ei mogleg forklaring kan vere at folk flyttar heim etter studiar og at småbarnsfamiliar søker seg ut av storbyen. At Askøy trekkjer til seg småbarnsforeldre kan også forklare kvifor vi har nettotilflytting av barn under sju år. Vi ser ikkje teikn til at det er kjønnskilnader i netto folkevekst, eller at aldersfordelinga på nettotilflytting er annleis enn kva som gjeld for liknande kommunar.




Figur 1.1.6 Netto folkevekst etter eittårig alder. Vekst i snitt for perioden 2008 til 2017. Tal for Askøy. Kjelde: Statistikk i vest.


¹ Tala er berekna ved å sjå på kor mange innbyggjarar som er på dei ulike alderstrinna frå eitt år til eit anna. Dødsfall er med i desse tala, men vil utgjere ein liten del samanlikna med til- og fråflytting for dei under 60 år.

Tilnærma 50 prosent av fråflyttinga er til Bergen, og over 60 prosent av tilflyttinga er frå Bergen. I 2016 var nettotilflyttinga frå Bergen på 269 personar. Vi har diverre ikkje tal for utviklinga etter 2016, og kan difor ikkje analysere endringane i nettoinnflytting frå 2016 til 2017.

Tala presentert her må ikkje tolkast som at Askøy kommune har ei særskilt negativ utvikling. I tidsperioden 2008 til 2017 har vekstraten til folketalet i Bergen og Hordaland hatt ei liknande negativ utvikling, og her har vekstraten vore lågare enn for Askøy i heile perioden.



Figur 1.1.7 Fordeling av fråflyttarar frå Askøy i 2016. Kjelde: Statistikk i vest



Figur 1.1.8 Fordeling av tilflyttarar til Askøy i 2016. Kjelde: Statistikk i vest

1.2 SYSSELSETTING

Arbeidsstyrken er samansett av yrkesaktive og personar som er registrert som arbeidsledige.


Arbeidsstyrken busett på Askøy var ved slutten av 2017 berekna til å vere på 14 567 personar. 534 av desse var registrert som arbeidslause eller på tiltak. Dette svarar til ei arbeidsløyse på 3,6 prosent. Ved utgangen av 2018 var arbeidsløysa 2,9 prosent av arbeidsstyrken.

Utvikling i arbeidsstyrken kan ikkje åleine seie noko om befolkningas deltaking i arbeidslivet, men gir eit bilete på kor mange yrkesaktive som bur i kommunen. Det kan difor sjåast på som eit mål på tilgjengeleg arbeidskraft i kommunen. Arbeidsstyrken på Askøy vaks med 16 prosent frå 2008 til 2017, som svara til ein årleg vekst på 1,8 prosent.


Tabell 1.2.1 Arbeidsstyrken. Tal frå før 2015 er justert med ein individuell faktor for å ta omsyn til endring i statistikken. Kjelde: SSB og Panda.

Arbeidsstyrken											
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 15-17
Hordaland	247 531	249 270	251 485	255 841	258 892	263 779	268 120	267 907	267 156	268 080	0,06 %
Os	8 943	9 035	9 301	9 594	9 693	9 980	10 179	10 156	10 242	10 344	1,8 %
Askøy	12 535	12 633	12 885	13 296	13 462	13 746	13 958	14 299	14 484	14 567	1,8 %
Fjell	11 372	11 472	11 657	11 906	12 289	12 651	13 054	13 047	13 128	13 256	1,6 %
Lindås	7 495	7 560	7 627	7 658	7 644	7 762	7 954	7 805	7 843	7 693	-1,4 %

Sysseleddingsdelen fortel oss kor stor del av befolkninga som er i arbeid. Askøy hadde ein sysseleddingsdel på 68 prosent i 2017. Det vil seie at av alle busette på Askøy mellom 15 og 74 år, er 68 prosent i arbeid. Det er ikkje stor skilnad mellom dei utvalde kommunane, men vi merkar oss at det har vore jamn nedgang i sysseleddingsdelen over perioden 2007 til 2017. Dette er ein nasjonal trend. Før finanskrise i 2008 låg den nasjonale sysseleddingsdelen på 71,6 prosent,². Sommaren 2016 var den nede i 66,6 prosent. Dette skuldast mellom anna aldri i befolkninga³.



Figur 1.2.1 Heilt ledige og ledige på tiltak som prosent av arbeidsstyrken. Tal for utvalde kommunar. Målt i desember i perioden 2014 til 2018. Kjelde: Statistikk i vest



Figur 1.2.2. Del av befolkninga mellom 15 og 74 år som er registrert som sysseledding det gjeldande året. Sysseleddingstala er justert slik at sysseleddingsdelen er samanliknbar over perioden. Kjelde: SSB og Panda

² SSB, AKU Tabell 08931

³ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/nedgang-i-sysseleddingsandelen-pa-grunn-av-flere-eldre>

Tabell 1.2.2 viser sysselsettingsdelen for ulike aldersgrupper,⁴. Vi ser at det har vore fall i sysselsettingsdelen i dei fleste aldersgruppene frå 2015 til 2017, men ikkje for aldersgruppa 20-24 år. I Askøy kommune har delen sysselsette i denne aldersgruppa auka frå 66 til 69 prosent. Dette er interessant fordi, saman med aldersgruppa 15-19 år, er dette aldersgruppa med størst reduksjon i sysselsettinga i tidsperioden 2007 til 2014. Utviklinga er lik for Fjell, Lindås og i Hordaland generelt. Utviklinga er interessant med omsyn til fokuset som har vore på deltaking i arbeidslivet blant unge⁵. For å vite meir om kva som ligg bak dette må ein sjå på delen som er i utdanning og/eller arbeid, samt utvikling i arbeidsløysa i denne gruppa. Dette ligg utanfor omfanget til denne rapporten.

Tabell 1.2.2 Del sysselsette per. 4 kvartal (i prosent), etter aldersgruppe. Tal for Askøy kommune. Kjelde: SSB

Sysselsettingsdelen													
	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prosentpoeng årleg endring 2007 - 2014	2015	2016	2017	Prosentpoeng årleg endring 2015 - 2017
15-19 år	43,3	43,4	37,4	37,4	36,9	34,2	33,1	32,5	-1,5	30,5	29,8	30,2	-0,2
20-24 år	81,6	81,0	77,8	77,1	77,1	75,7	74,0	74,0	-1,1	66,0	67,5	69,6	1,8
25-39 år	85,0	85,3	84,9	85,1	85,3	85,4	85,1	85,2	0,03	82,2	81,4	81,8	-0,2
40-54 år	85,9	86,4	85,3	85,2	86,2	86,2	86,6	85,7	-0,03	84,1	83,4	83,6	-0,3
55-66 år	67,2	67,6	65,2	64,7	65,7	65,0	66,4	67,5	0,04	65,7	65,2	65,2	-0,3
67-74 år	14,9	17,8	18,5	16,8	18,2	17,4	16,2	17,3	0,34	14,4	13,2	12,5	-1,0
15-74 år	73,4	73,9	72,2	71,7	72,2	71,5	71,2	70,9	-0,35	68,1	67,1	67,2	-0,4

Når vi ser på utviklinga i yrkesaktivitet og arbeidsløysa dei siste åra er det ingen teikn til at Askøy skil seg spesielt ut. Arbeidsløysa er på veg ned, og som vist i *Hordaland i tal* (nr 2 2018) er den lågare enn i til dømes Fjell, Øygarden og Sund kommune. Ein sysselsettingsdel på 68 prosent er i tråd med den utviklinga vi ser elles.


⁴ Til skilnad frå tala presentert i figur 1.2.2 har det her ikkje vore mogleg å justere tala slik at ein omgår konsekvensen av ei omlegging av datakjelder i 2015. Tala frå tidsperioden 2007 til 2014 og 2015 til 2017 er difor ikkje direkte samanliknbare. Det er også eit mindre avvik frå tala nytta i figur 1.2.2.

⁵ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/tyngre-vei-inn-pa-arbeidsmarkedet-for-unge-med-lav-utdanning>

2 Arbeidsplassar og pendling

2.1 ARBEIDSPLASSAR

Det var 8 024 arbeidsplasser i Askøy kommune i 2017. 64 prosent av desse var i privat sektor, 28 prosent i kommunal forvaltning, og 8 prosent i fylkeskommunal eller statleg forvaltning.



Figur 2.1.1 Arbeidsplassar på Askøy fordelt over sektorar. Tal for 2017. Kjelde: Statistikk i vest

Frå 2015 til 2017 har det vore ein auke i statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar på over 18 prosent, men i tal utgjør det berre 79 arbeidsplassar. Til samanlikning hadde privat sektor ein vekst på 4 prosent, som svarar til 216 arbeidsplassar. Totalt vaks talet arbeidsplassar med 430. I same periode auka talet yrkesaktive med 268 personar. Det har med andre ord blitt fleire arbeidsplassar per arbeidar i arbeidsstyrken i denne perioden. Samanlikna med utviklinga i fylket har Askøy hatt ein høgare vekst i tal arbeidsplassar. Frå 2015 til 2017 har veksten vore 0,2 prosent i Hordaland, - 5 prosent i Fjell og 0,5 prosent i Lindås. Berre Os hadde tilsvarende utvikling (5 prosent).

Tabell 2.1.1 Tal arbeidsplassar i Askøy kommune fordelt på sektor. 2015 – 2017. Kjelde: Statistikk i vest

Arbeidsplassar				
	2015	2016	2017	Endring 2015 - 2017
Statleg forvaltning	424	464	503	18,6 %
Fylkeskommunal forvaltning	118	140	141	19,5 %
Kommunal forvaltning	2 142	2 210	2 254	5,2 %
Privat sektor og offentlege føretak	4 910	5 118	5 126	4,4 %
Sum	7 594	7 932	8 024	5,6 %

28 prosent av dei som hadde Askøy som arbeidsstad i 2017, jobba i helse- og sosialtenester. Industri utgjorde den nest største delen med 12 prosent. Askøy hadde ein høgare del arbeidsplassar i industri samanlikna med Hordaland. Arbeidsplassar det er få av, samanlikna med fylket, er innan bergverksdrift og utvinning, informasjon og kommunikasjon, og finansiering og forsikring.


Tabell 2.1.2 Tal arbeidsplassar og næringsdel av arbeidsplassane for Askøy kommune. Næringsdel av arbeidsplassar for Hordaland. 2017 Kjelde: Statistikk i vest

Næring	Tal arbeidsplassar, Askøy	Næringsdel, Askøy	Næringsdel, Hordaland
Helse- og sosialtenester	2 273	28 %	22 %
Industri	959	12 %	8 %
Varehandel og motorvognreparasjonar	952	11 %	12 %
Undervising	857	10 %	9 %
Bygge- og anleggsverksemd	850	10 %	8 %
Offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring	724	9 %	6 %
Transport og lagring	292	3,6 %	5,7 %
Forretningsmessig tenesteyting	263	3,3 %	4,9 %
Personleg tenesteyting	258	3,2 %	3,8 %

Teknisk tenesteyting og eigedomsdrift	230	2,9 %	6,1 %
Overnattings- og serveringsverksemd	111	1,4 %	3,4 %
Primærnæringane	100	1,2 %	1,9 %
Elektrisitet, vatn og renovasjon	77	1,0 %	1,1 %
Uoppgjeve	31	0,4 %	0,4 %
Informasjon og kommunikasjon	26	0,3 %	2,5 %
Finansiering og forsikring	11	0,1 %	2 %
Bergverksdrift og utvinning	9	0,1 %	2,5 %
Sum	8 023	100 %	100 %

Figur 2.1.2 viser gjennomsnittleg vekstrate i tal arbeidsplassar for tidsperiodane 2008 til 2014 og 2015 til 2017. Vi har tatt bort dei næringane som har mindre enn 50 tilsette.

I begge periodane er det forretningsmessig tenesteyting som har hatt høgast prosentvekst. Frå 2015 til 2017 var den årlege veksten på tilnærma 21 prosent. I tal utgjør det likevel berre en auke på 30 arbeidsplassar. I tal er det offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring som har hatt den største auken. Frå 2015 til 2017 auka talet arbeidsplassar med 89, som svarar til ein årleg vekstrate på tilnærma 7 prosent. På andre plass kjem industri med 87 fleire arbeidsplassar (5 prosent i årleg vekstrate). Vi ser også at det har vore høgare vekst i talet arbeidsplassar i perioden 2015 til 2017 enn i perioden 2008 til 2014.




Figur 2.1.2 Årleg, gjennomsnittleg vekstrate for tal arbeidsplassar i næringa (med meir enn 50 tilsette). Tal for Askøy kommune. Presentert i to tidsperiodar grunna brot i tidsserien. Kjelde: SSB.

Tabell 2.1.3 viser tal arbeidarar per arbeidsplass. I denne tabellen har vi brukt tal for sysselsette (etter arbeidsstad) som mål på arbeidsplassar. Askøy er kommunen med flest arbeidarar per arbeidsplass. For kvar arbeidsplass i kommunen er det i følgje berekningane 1,8 yrkesaktive (og arbeidsledige) arbeidarar som bur i kommunen. Som vist tidligare har det blitt litt færre arbeidarar per arbeidsplass i perioden 2015 til 2017. Ein kan bli freista til å tenke at det då kanskje er færre som pendlar ut av kommunen, men sjølv om forholdet mellom tal arbeidsplassar og storleiken på arbeidsstyrken har endra seg, seier ikkje det oss noko om dynamikken i pendlinga.

Tabell 2.1.3 Arbeidsstyrken og sysselsette i utvalde kommunar. Tal for 2017.
Kjelde: Panda (justert) og Statistikk i vest

	Arbeidsstyrken i kommunen	Sysselsette som arbeider i kommunen	Arbeidarar per arbeidsplass
Os	10 344	6 018	1,7
Fjell	13 256	11 049	1,2
Askøy	14 567	8 024	1,8
Lindås	7 693	6 685	1,1
Hordaland	268 080	254 291	1


2.2 PENDLING




Figur 2.2.1 Fordeling av sysselsette personar som har eit forhold til Askøy kommune gjennom arbeid og bustad, berre bustad, eller berre arbeid. Arbeidslaus er ikkje med i denne oversikta. Tal for 2017. Kjelde: SSB

I 2017 hadde over 16 000 sysselsette personar tilknytning til Askøy gjennom bustad og/eller jobb. 8 288 av desse var busett på Askøy men hadde arbeidsstad utanfor kommunen. Dei 8 024 registrerte arbeidsplassane i kommunen var dekt av 2 160 personar som pendla inn til Askøy, og 5 864 som både budde og jobba på Askøy.

Største delen av inn- og utpendlinga er frå/til Bergen. Om vi trekk utpendlarar frå innpendlarar er det berre frå Nordhordland, Bjørnefjorden, Osterfjorden og Hardanger vi har positiv nettoinnpendling. Elles er det fleire som pendlar ut enn inn. Til Bergen åleine har Askøy ei nettoutpendling på over 5 000 personar. På andre plass kjem Fjell med 363 personar.




Figur 2.2.2 Fordeling av utpendlarar busett på Askøy over kommunar/regionar. Tal for 2017. Kjelde: Statistikk i vest.




Figur 2.2.3 Fordeling av innpendlarar busett på Askøy over kommunar/regionar. Tal for 2017. Kjelde: Statistikk i vest.

Dei siste åra har det vore vekst i pendlarar som del av sysselsette/busette. I 2007 var 15 prosent av dei med arbeidsstad på Askøy innpendlarar. I 2017 var talet 27 prosent. Dette svarar til ein auke på 1 183 personar som pendlar inn. Samstundes har det vore vekst i delen av sysselsette med bustad på Askøy som pendlar ut av kommunen. I 2007 var delen 56 prosent. I 2017 var delen 59 prosent. Det svarar til ein auke på 1 347 personar. Denne utviklinga tyder på at arbeidsmarknaden på Askøy er blitt meir integrert med arbeidsmarknadene utanfor kommunen.



Figur 2.2.4 Innpendling som del av sysselsette med Askøy som arbeidsstad i perioden 2007 - 2014 og 2015 - 2017 grunna brot i tidsserien. Kjelde: SSB.




Figur 2.2.5 Utpendlarar som del av sysselsette med bustad på Askøy. Tal for periodane 2007 - 2014 og 2015 - 2017 grunna brot i tidsserien. Kjelde: SSB

Av dei sysselsette som bur på Askøy er 47,5 prosent kvinner. Av alle sysselsette på Askøy, uavhengig av bustad, er tilnærma 50 prosent kvinner. Sjølv om berre 36 prosent av dei som pendlar inn til kommunen er kvinner, ligg det store volumet i utpendlinga, og her er 59 prosent av utpendlarane menn. Trass i at Askøy har ein ganske høg del mannlege innpendlarar, fører kombinasjonen av desse effektane til at Askøy har tilnærma 50/50 kjønnsbalanse hos dei sysselsette på Askøy.

Tala er ikkje vist her, men det er gjort ein analyse av desse tala for dei andre kommunane. Den viser at Fjell har den same ubalansen hos innpendlarane, medan det i Os og Lindås er høvesvis 45 og 46 prosent kvinnelig del innpendlarar. At Askøy har ein høgare del mannlege innpendlarar kan henge saman med kva næring innpendlarane arbeider i.

Tabell 2.2.1 Tal for sysselsetting og pendling til/frå Askøy. Tal for 2017. Kjelde: SSB

	Sysselsette personer bosatt på Askøy	Personer som pendler inn til Askøy	Personer som pendler ut av Askøy	Sysselsette personer med arbeidsstad på Askøy
Menn	7 425	1 368	4 841	3 952
Kvinner	6 727	792	3 447	4 072
Sum	14 152	2 160	8 288	8 024



Figur 2.2.5 Tal innpendlarar og utpendlarar etter næring dei er sysselsatt i. Tal for Askøy, 2017. Kjelde: SSB


41 prosent av dei som pendlar inn til Askøy, jobbar innan sekundærnæringa, som mellom anna omfattar industri. Det er likevel fleire personar som pendlar ut enn inn av kommunen for å jobbe i sekundærnæringa. 43 prosent av dei som pendlar ut av kommunen, jobbar med varehandel, hotell og restaurant, samferdsle, finans, eigedomsnæringa eller forretningsmessige tenester. Vi har tidlegare sett at det, relativt til fylket, er få arbeidsplassar på Askøy innan nokre av desse næringane (spesielt finans og forretningsmessige tenester).

Tabell 2.2.3 Pendlare frå/til Askøy sin fordeling over næringer. Tal for 2017. Kjelde: SSB

Næring	Innpending etter næring	Utpending etter næring
Sekundærnæringer	41 % (888)	27 % (2 232)
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsle, finansten., forretningsmessig ten., eigedom	25 % (538)	43 % (3 553)
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	6 % (128)	5 % (435)
Undervisning	9 % (185)	5 % (420)
Helse- og sosialtenester	16 % (356)	16 % (1 319)
Andre næringer	3 % (65)	4 % (329)

Om dei som pendla ut for å jobbe i sekundærnæringa hadde vore relevante for sekundærnæringa på Askøy ville næringa hatt eit godt utgangspunkt for vekst. Vi har difor gått eit hakk lengre ned i næringskodane for å sjå kva næringer pendlarane jobbar i.


Ein stor del av dei som pendlar ut av kommunen jobbar innan sjukehusenester og installasjonsarbeid. Vi ser også at tenester knytt til utvinning av råolje og naturgass (sekundærnæring) utgjer ein stor del. Næringsgruppa «Bygging av skip og båtar», som sysselsett mange av dei som jobbar i sekundærnæringane på Askøy, kjem ikkje opp på denne lista. Dette er faktisk næringa med størst netto innpending. Sjølv om mange av dei som pendlar ut jobbar i sekundærnæringer, og sekundærnæringane sysselsetter ein stor del av dei busette på Askøy, kan ein altså ikkje påstå at kompetansen dei treng i den lokale næringa finnst hos dei som i dag pendlar ut. Dei som i dag pendlar ut for å jobbe i sekundærnæringer er sysselsett i næringer som ein ikkje har på Askøy, og det er ikkje gitt at denne kompetansen er relevant for det lokale næringslivet. Om Askøy hadde som mål å skape eit næringsliv som bidrog til mindre pendling, burde fokuset vere på næringane med høg netto utpending.



Figur 2.2.6 Netto utpending etter firesifra næringskode. Tal Askøy kommune, 2017. Kjelde: SSB

27 %...

...av arbeidsplassane er dekt av innpendling



Figur 2.2.7 Fordeling av arbeidsplassar i Askøy kommune etter busette og innpendlarar. Tal for 2017. Kjelde: Statistikk i vest

I forhold til tal arbeidsplassar i kommunen og tal sysselsette som bur på Askøy, er det ein relativt høg del av arbeidsplassane som er dekt av folka som pendlar inn. Som vi har sette er 27 prosent av arbeidsplassane på Askøy bemanna av innpendlarar. Nesten halvparten arbeidsplassane i sekundærnæringane på Askøy er dekt av innpendling. Samstundes som det er mange som pendlar ut for å jobbe innan varehandel (m.m.), dekker innpendlare 29 prosent av desse arbeidsplassane på Askøy.

Tabell 2.2.4 Arbeidsplassar på Askøy dekt av innpendlarar og busett. Tal for 2017. Kjelde: SSB

	Arbeidsplassar	Arbeidsplassar dekt av busette	Arbeidsplassar dekt av innpendlarar
Sekundærnæringar	1 895	1 007	47 % (888)
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	1 885	1 347	29 % (538)
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	724	596	18 % (128)
Undervisning	857	672	22 % (185)
Helse- og sosialtjenester	2 273	1 917	16 % (356)
Andre næringar	390	325	17 % (65)
Sum	8 024	5 864	27 % (2 160)


3 OPPSUMMERING

1.2. Folketalsutvikling:

- Det har dei siste 10 åra vore nettotilflytting til Askøy, men no er til- og fråflytting på veg mot å utlikne kvarandre. Dette har resultert i lågare folketilvekst.
- Størstedelen av fråflyttinga er unge mellom 19 og 21 år. Størstedelen av tilflytting er folk mellom 23 og 41 år.
- Størstedelen av tilflyttarar kjem frå Bergen, som også er målet for største delen av fråflyttinga.

1.1. Sysselsetting:

- Det bur over 14 500 yrkesaktive på Askøy.
- Det er vekst i arbeidsstyrken, men sysselsettingsdelen har gått ned dei siste åra. I dag er 68 prosent av folk på Askøy mellom 15 og 74 år i arbeid.
- Frå 2015 til 2017 har delen sysselsette i aldersgruppa 20 til 24 år gått litt opp.





2.2 Arbeidsplassar:

- Frå 2015 til 2017 vaks talet arbeidsplassar med 430 (5,6 prosent vekst). I same periode vaks arbeidsstyrken med 268 personar (1,8 prosent). Det har med andre ord blitt fleire arbeidsplassar per arbeidar i arbeidsstyrken over perioden.
- Forretningsmessig tenesteyting hadde den høgaste prosentveksten frå 2015 til 2017, med over 20 % vekst i tal arbeidsplassar. Denne næringa utgjorde likevel berre 3 prosent av arbeidsplassane i 2017.
- Offentleg administrasjon og industri hadde den høgaste veksten i tal arbeidsplassar over perioden.
- Per arbeidsplass var det i 2017 1,8 yrkesaktive som var busett på Askøy.

2.1 Pendling:

- I 2017 hadde over 16 000 sysselsette personar tilknytning til Askøy gjennom bustad og/eller jobb. 8 288 av desse var busett på Askøy, men hadde arbeidsstad utanfor kommunen. Dei 8 024 registrerte arbeidsplassane i kommunen var dekt av 2 160 personar som pendla inn til Askøy, og 5 864 som både budde og jobba på Askøy.
- Det har vore positiv netto innpendling frå Nordhordland, Bjørnefjorden, Osterfjorden og Hardanger.
- I 2017 var totalt 27 prosent av arbeidsplassane på Askøy bemanna av innpendlarar.
- 41 prosent av dei som pendlar inn til Askøy jobba innan sekundærnæringane (primært «bygging av skip og båtar»). Det var likevel fleire personar som pendla ut enn inn av kommunen for å jobbe i sekundærnæringane (primært «tenester knytt til utvinning av råolje og naturgass» og «utvinning av råolje»).
- 43 prosent av dei som pendla ut av kommunen jobba med varehandel, hotell og restaurant, samferdsle, finans, eigedomsnæringa eller forretningsmessige tenester. På eit meir detaljert bransjenivå var det sjukehustenester, installasjonsarbeid og tenester knytt til utvinning av olje og gass som var mål for flest utpendlarar.
- Frå 2007 til 2017 har det vore jamn vekst i inn- og utpendlinga.





**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

